

## **RENOVEST opnar satelittar og mottaket i Brunkeberg**

Etter kontakt med Miljødirektoratet har vi fått råd om å halde avfallsmottak/ attvinningsstasjonar opne for publikum.

**NB!**

**Men, det er ingen god ide å rydde loft og kjellar i desse dagar, dersom dette fører til auka behov for å levere avfall !**

### **Opetider med verknad frå 30.03.2020**

1. Satelittar – opetider
  - a. Skårmoen avfallsmottak – Fyresdal  
Ope – måndagar - kl. 14.00-19.00
  - b. Vistadmoen avfallsmottak – Tokke  
Ope – tysdagar - kl. 14.00-19.00
  - c. Hovdestadmoen avfallsmottak – Vinje  
Ope – onsdagar - kl. 14.00-19.00  
Ope – fredagar - kl. 09.00-15.00
  - d. Ope – onsdagar - kl. 14.00-19.00  
Ope – fredagar - kl. 09.00-15.00
2. Hovudmottaket i Brunkeberg  
Opetider – alle dagar kl. 08.00 – 14.30 (torsdagar til kl. 19.00)

### **Restriksjonar for publikum**

1. Brukarar/abonnentar **MÅ** følgje råda frå avfallsmottaka om ikkje å belaste anlegga meir enn absolutt naudsynt, slik at det sikrast god nok kapasitet til handtering av innlevera avfall på ein trygg måte.
2. Ved mottaka sleppast det inn **3 bilar om gongen** (absolutt krav)
  - a) Det er berre kort som er gyldig betalingsmåte (kort leggjast på betalingsterminal utan å tast inn kode - dette av omsyn til overføring av smitte)
  - b) Hald god avstand til ekspeditør ( minimum 1 meter)
  - c) Host inn i «eigen alboge»
  - d) Vask hender ofte

**NB!**

**Ved brot på ålmenne og no kjende smittevernsreglar opplyst av helsestyremaktene vil Renovest sin operatør/ ekspeditør kunne vise vekk personar som ikkje held seg til reglane.**